

Arve med vener inviterer til

SOGN GAMMALDANSFESTIVAL 2006

GAUPNE

18. - 20. AUGUST

**god Musikk,
godt Miljø,
mykje Moro**

Program for Sogn gammaldansfestival 2006 i korte trekk:

Fredag 18.august: 21.00 - 02.00:

"Takk for sist- kveld" på Pyramiden senterkafè, med dans og moro utover kvelden.

Laurdag 19.august:

For dei morgonfriske er det høve til å spela ved butikkane i Gaupne.

Kl. 12.00 vert det som vanleg arrangert ein sponsa busstur for festivaldeltakarane.

Denne gongen går turen til **Skjolden**, der me sist gong var i 2003.

Der kan ein velja blant allsidige aktivitetar både for kropp og sjel:

- Kort fottur i Mørkridsdalen, Noregs vakraste dalføre?
- Bading i bassenget i "Fjordstova" eller i Sognefjorden

- Nyta grillmat med passande tilbehør i hotellhagen
- Ta del i, eller lytta til, variert buskspel

Kl. 20.00 – 02.00 er det duka for stordans i Parken med dansespel frå 2 scener.

Søndag 20.august: Tradisjonen tru byr vertskapet musikarar med familiar på noko å bita i, samt saft og kaffi før heimreise.

CAMPING: Me reknar med at dei fleste tilreisande ynskjer å bu på Sandvik camping (300 m frå Parken og Pyramiden). Her er det gode leiketilhøve for barn og fleire bualternativ, med hytter av varierende storleik og standard og god plass til campingvogner. Storparten av hyttene på campingen er allereie booka for helga... Alternativ overnatting i klasserom kan ordnast.

For campingplassen sin del er det fint dersom storparten av spelinga på sein kvelds- og nattetid føregår innomhus.

Telefonnummeret til Sandvik Camping: 57 68 11 53, fax 57 68 16 71

Internett: www.pluscamp.no/sandvik/

Det kan òg nemnast at både Skjolden hotell, Sandvik Camping, Pyramiden Senterkafè og Parken har skjenkeløyve...

Reportasjar frå tidlegare år kan du finna på www.breheimen.com, home.no.net/durspel/, eller www.trekkspill.no

Har du eit orkester som ynskjer å delta på Sogn gammaldansfestival?

Send ein e-post eller ta ein telefon underteikna dersom du ynskjer å vera med! Me kan vera til hjelp med å skaffa komp!

Sei ifrå kven som er med i gruppa, samt ynskje om speletid(er). Me kan ikkje gjera alle til lags, men er du tidleg ute, er sjansen større for å få ei "attraktiv" speling.

NAMN PÅ

ORKESTER: _____

YNSKJER Å SPELA PÅ:

Dansespeling fredag _____

Dansespeling laurdag _____

Deltakarar: _____

Behov for komp? _____

Arve Bjørn Røneid
Pb 58
6866 GAUPNE
57681028/ 95076386
abron@online.no

**VEL MØTT TIL
SOGN GAMMALDANSFESTIVAL!!!**